

**Fra:** Elizabeth Jan Warren <Elizabeth.Jan.Warren@vlfk.no>

**Sendt:** 05.10.2023 14:22:26

**Til:** Elizabeth Jan Warren <Elizabeth.Jan.Warren@vlfk.no>

**Kopi:** Tone Stedal Haugland <Tone.Stedal.Haugland@vlfk.no>, Teams-KFO-Plangruppa <Teams-KII-Planarbeid@vlfk.no>

**Emne:** Invitasjon til Kulturkonferansen Vestland 2023 - Kultur bygger samfunn 23 november 2023 på Leirvik Stord.

---

Vestland fylkeskommune inviterer til Kulturkonferansen Vestland 2023 på Stord - torsdag, 23. november.

Tittelen på konferansen er «Kultur bygger samfunn». Årets kulturkonferanse handlar om plan og planarbeid – med «kulturbriller». Det breie kulturfeltet gir livskvalitet og livsinnhold til mange i Vestland! Regional plan for kultur syner at vi treng meir kunnskap om og kjennskap til planarbeid for å styrke kultursektoren i fylket.

Kulturlivet har både løysingar for og kompetanse til å utvikle Vestland til ein leiande kulturregion. Vestland skal vere ein god plass å bu, der alle kan utfalte seg, delta i samfunnslivet og oppleve eit mangfold av møteplassar og folk. Vi vil ta opp følgjande tema gjennom føredrag og samtalar:

- Korleis kan vi styrke den kommunale planlegginga i det breie kulturfeltet?
- Korleis kan kulturfrivilligheita, kulturinstitusjonane og det profesjonelle kulturfeltet spele ei rolle i kulturplanlegginga?
- Korleis kan vi styrke kunnskapen om kultur i Vestland?
- Korleis skal vi arbeide i lag for å styrke verdiskaping i kulturlivet i Vestland og styrke både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft

Målgrupper for konferansen er kommunane i Vestland, kulturarbeidarar og planleggjarar, politikarar, kultur-, idrett og friluftsorganisasjonar, kulturinstitusjonar, frie kulturutøvarar, kulturbaserte næringsaktørar, arrangørar og privatpersonar.

Kvelden før, 22.november blir det opplading til konferansen på Åtgaum, på Leirvik Stord med mat, musikk, og samtale om kulturpolitikk og samfunn med kultur- og idrettsaktørar og kommunar.

[Her fin du meir informasjon om Kulturkonferansen Vestland 2023](#)

[Her finn de førebels program for konferansen.](#)

[Her er påmeldingsskjema - Påmeldingsfrist 12 November](#)

Del gjerne invitasjonen breitt.

Spørsmål? Tar gjerne kontakt.

Med helsing

**Elizabeth Warren**

seniorrådgjevar

kulturutvikling

avdeling for kultur og folkehelse



tlf.: 95 89 54 68  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)